

# Møteprotokoll

VERNEOMRÅDESTYRET FOR  
SETESDAL VESTHEI, RYFYLKEHEIANE OG FRAFJORDHEIANE



**Utvalg:** AU i verneområdestyret for SVR

**Møtested:** Telefonmøte

**Dato:** 19.05.2017

**Tidspunkt:** 08:00- 08:30

## Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon
Oddmund Ljosland	Nestleder
Oddlaug Tjomsland	Medlem
Leiv Rygg	Medlem

## Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon
Bjørn Laugaland	Leder
Gerd Helen Bø	Medlem

## Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for
Kari Vaage Gjuvsland	Gerd Helen Bø

## Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Jørn Haug	Verneområdeforvalter
Alf Odden	Verneområdeforvalter
Guro Sødergren	Verneområdeforvalter

**Underskrift:**

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Oddmund Ljosland

Kari Vaage Gjuvsland

**Saksliste**

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Sidenr</b>
ST 15/17	Godkjenning av innkalling og saksliste	
ST 16/17	Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar	
ST 17/17	Orienteringssaker	
ST 18/17	Tilsagn om tiltaksmidler til fjerning av kraftlinje Fundingsland-Nordrahei i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 37/1, Hjelmeland kommune	
ST 19/17	Dream World, søknad om dispensasjon til etablering av telteir og plassering av boreboltar på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, Forsand kommune	
ST 20/17	Søknad frå DNT - sør om arrangement av sykkeltur til Sloaros	
ST 21/17	Lyse Produksjon A/S - Søknad om dispensasjon til bygging av ny kommunikasjonsmast ved Låtervikvatnet i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/28, Forsand kommune	
ST 22/17	Eventuelt	

**ST 15/17 Godkjenning av innkalling og saksliste****Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 19.05.2017****Vedtak**

## **ST 16/17 Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**

### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 19.05.2017**

#### **Vedtak**

Oddmund Ljosland og Kari Vaage Gjuvsland blei valgt til å skrive under protokoll.

## **ST 17/17 Orienteringssaker**

### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 19.05.2017**

- Utkast til brev vedkommande avgjersle i klagesaker Storå og Pytten. Inga merknad frå AU.
- Sekretariatet informerte om klagesak i konsesjonssøknad Eivindsvann.

## **ST 18/17 Tilsagn om tiltaksmidlar til fjerning av kraftlinje Fundingsland-Nordrahei i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 37/1, Hjelmeland kommune**

#### **Forvalters innstilling**

Arbeidsutvalet i verneområdestyret for SVR godkjenner vedlagte brev til grunneigar Vidar Garheim, om tilsagn av tiltaksmidlar med dei endringane som kom fram i møtet.

Det kan nyttast kr 125.000,- inkl. mva. for 2017, mens dei resterande midlane, kr. 75.000,- inkl. mva., omsøkast over bestillingsdialogen for 2018.

Forvaltningssekretariatet får i oppgåve å følgje opp gjennomføringa av tiltaket.

### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 19.05.2017**

#### **Vedtak**

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.

# **ST 19/17 Dream World, søknad om dispensasjon til etablering av teltleir og plassering av boreboltar på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, Forsand kommune**

## **1 Dream World- tauhopping**

### **Forvaltars innstilling**

I medhald av § 48 i Naturmangfaldlova får Ekstremhoppgruppa Dream World frå Polen løyve til å nytte inntil 15 boreboltar til å feste tau, for gjennomføring av Dream Jump-hopp i samband med arrangementet Dream Walker på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde.

I medhald av § 3 punkt 4.2 i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde og Forvaltingsplan for Frafjordheiane, får Ekstremhoppgruppa Dream World frå Polen løyve til å etablere ei teltleir i samband med arrangementet Dream Walker Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde. Løyvet gjeld for inntil 20 personar for tidsrommet 19.6-20.07.2017.

Verneområdestyret forutsett at gjeldande norske lovar, regelverk og prosedyrar for sikkerheit blir følgt.

Løyve blir gjeve med desse vilkåra:

- Det må innhentast samtykke frå grunneigar til både bruk av boreboltar og gjennomføring av arrangementet.
- Etter bruk skal boreboltane fjernast og borehulla skal tettast med materiale som hindrar inntrenging av vatn i borehulla. Tettingsmaterialet skal ha ein farge og konsistens som skil seg minst mogleg frå berggrunnen på staden.
- Teltleiren må plasserast slik at den ikkje er til hinder for andre besøkande på Kjerag, og må plasserast minst 100m borte frå turistløyper og sjølv utkikkspunkt på Kjerag.
- Alt utstyr og søppel skal fjernast innan 20.07.2017.
- Det må ikkje plasserast boreboltar i etablerte klatreruter på staden.

## **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 19.05.2017**

### **Vedtak**

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.

## **ST 20/17 Søknad frå DNT - sør om arrangering av sykkelstur til Sloaros**

### **Forvalters innstilling**

Med heimel i naturmangfoldlova § 48 vert DNT-sør gjeve løyve til å arrangere fellestur med sykkel på turistløypa strekninga Hovden – Sloaros. Tal deltakarar vert avgrensa til

12. Løyvet gjeld for ein av følgjande helger 30.9 – 1.10 eller 12.8 – 13.8. Deltakarane skal nytte sykklar av type fatbike slik at ein unngår spor i terreng/vegetasjon.

Arbeidsutvalet oppmodar søkar om å ha vidare dialog med grunneigar i høve til gjennomføring av arrangementet.

Løyvet vert ikkje styrande for ei eventuell forskriftsendring som omtala i saka.

## **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 19.05.2017**

### **Vedtak**

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.

## **ST 21/17 Lyse Produksjon A/S - Søknad om dispensasjon til bygging av ny kommunikasjonsmast ved Låtervikvatnet i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/28, Forsand kommune**

### **Forvalters innstilling**

I medhald av §2, §3, punkt 1.1 og §3, punkt 1.3, bokstav a i verneføreskrifta for Frafjordheiane landskapsvernområde, får Lyse Produksjon A/S dispensasjon til bygging av ny kommunikasjonsmast ved Låtervikvatnet bnr/bnr, 22/28 i Forsand kommune. Den nye kommunikasjonsmasta kan ha ein høgde på inntil 6 m og kan byggast med solcellepanel for straumforsyning. Det nye kommunikasjonsmasta skal plasserast i samsvar med kartet som følgjer saksutgreiinga.

Dispensasjonen blir gjeve med desse vilkåra:

- Det må innhentast naudsynt byggeløyve frå Forsand kommune dersom dei ber om det.
- Kommunikasjonsmasta må utformast og overflatebehandlast slik at den er mest mogleg tilpassa naturomgjevnadane.
- Byggjearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane.
- Alt avfall frå byggearbeidet må fjernast og handterast etter gjeldande reglar og standardar.
- Dispensasjonen gjeld fram til 19.05.2020

## **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 19.05.2017**

### **Vedtak**

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.

## **ST 22/17 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 19.05.2017**

- Det ble gitt ein kort orientering om Heiedagane 2017.